

Europaparlamentet ga tilslutning til avtalene om EØS-midla og fisk

- *Stort fleirtall for avtalene om EØS-midla og fisk i Europaparlamentet i dag*
- *I debatten i går gjentok mange kritikken av norsk tollvern på landbruksområdet og av forvaltninga i Svalbard-sonen*
- *Ein del andre parlamentarikarar, spesielt frå mottakarland, rosa EØS-mekanismane*
- *Kommisjonen vart kritisert for manglane informasjon til Parlamentet, men også for å vere for passive i forsvaret av EU-interesser i Noreg*

Europaparlamentet ga 18. mai tilslutning til avtalene med Noreg, Island og Liechtenstein om EØS-midla og fiskeriprotokollane med Island og Noreg. Vedtaket kom med eit stort fleirtal på 570 røyster for, 38 mot og 22 blanke. Saksordføraren David Borrelli (EFDD, Italia) uttaler i [Europaparlamentets pressemelding](#) at avtalene vil styrke eit allereie godt tilhøve til dei tre landa. Han seier også at dette vil gjerne det lettare å løyse uteståande handelsspørsmål og inngå nye avtaler framover.

Avtalene vart drøfta i plenum 17. mai. Samstundes vart eit [spørsmål frå Parlamentet til Europakommisjonen](#) knytt til tilhøvet til Noreg og vilkåra for handelen med landbruksprodukt drøfta. Konkret var Kommisjonen spurt om kva den og EUs utanriksteneste har gjort for å finne ei løysing med Noreg etter den norske tollauken for visse landbruksprodukt i 2012 og om dette hadde vorte teke opp i samband med forhandlingane om ny fiskeriprotokoll.

Leiar i utanrikshandelskomiteen Bernd Lange (S&D, Tyskland) viste til at Parlamentet hadde tek opp den norske tollauken i ein [resolusjon alt i 2013](#). Nå blir Parlamentet bedt om å gje samtykke til dei nye avtalene om EØS-middel og fisk utan av spørsmålet om landbrukstoll er løyst. Det er problematisk. Samstundes tok både han og andre opp att kritikken mot Kommisjonen for at avtalene er sett midlertidig i verk utan at Parlamentet vart konsultert. Det er viktig at Parlamentet blir like godt informert som Rådet sa han.

Saksordførar Borelli sa seg samd med Lange og sa tollauken i 2012 var uheldig. Han minna om at Noreg er ein viktig handelspartner og at Noreg har ein stor eksport av fisk til EU.

Landbrukskommissær Phil Hogan snakka på vegne av EUs høgrepresentant for utanrikssaker, visepresident Federicia Mogherini. Han viste til at avtalen med EØS/EFTA-landa vart inngått i fjor og at medlemslanda har gitt samtykke til den. Avtalene vil medføre eit viktig bidrag frå Island, Liechtenstein og Noreg til sosial og økonomisk utjamning i mottakarlanda. Samstundes takka han Parlamentet for å ha tatt opp spørsmålet om tollauken i Noreg mange gonger. Den nyleg inngått artikkel 19-avtalen vil medføre nye, tollfrie kvotar for produkt som fekk auka toll i 2012. Han sa dette var det beste resultatet som var mogleg å oppnå nå og viste mellom anna til at verdien av dei norske konsesjonane er høgare enn EUs konsesjonar til Noreg. Kommisjonen vil arbeide vidare for best mogleg marknadstilgang både til den norske marknaden og til andre marknader. Han avviste på slutten av debatten at Kommisjonen hadde vore passiv i høve til Noreg. Han innrømte at Parlamentet skulle vore betre informert i samband med at avtalene hadde blitt midlertidig sett i verk og lova at dette ikkje skulle gjenta seg. Samstundes viste han til at dei prinsipielle spørsmåla blir drøfta i dei pågåande forhandlingane mellom Kommisjonen, Rådet og Parlamentet om ein ny interinstitusjonell samarbeidsavtale.

I debatten var det 14 andre medlemmar av Europaparlamentet (MEP) som tok ordet. Artis Pabriks (EPP, Latvia) kom med generell kritikk av Kommisjonen knytt til midlertidig iverksetting av avtalene. Han meinte Kommisjonen var for passiv og både han og Jaroslaw Walesa (EPP, Polen) gjentok kritikken av norsk forvaltning av snøkrabbe i Svalbard-sonen. Dei meinte Kommisjonen ikkje hadde gjort nok for å ta vare på interessene til EUs fiskarar.

Mange av dei andre som hadde ordet kritiserte det norske tollvernet. Dette gjaldt både danskane Bendt Bendtsen (EPP) og Christel Schaldemose (S&D) og svenske Jasenko Selimovic (ALDE). Selimovic brukte innlegget til å gratulere Noreg med nasjonaldagen, men sa det var liten grunn til å gratulere Noreg med tollvernet. Både av omsyn til produsentar i EU og ikkje minst norske forbrukarar burde Noreg redusere tollsatsane. Også andre innlegg frå MEP kritiserte både tollauken i 2012 og at den hadde skjedd utan at Noreg konsulterte EU. Kommisjonen vart oppmoda om å talfeste effekten av bønder i EU av tollauken og vurdere tiltak for å kompensere tapa. Noreg vart også skulda for dobbeltmoral ved å ynskje marknadstilgang for fisk, men samstundes ha så høge tollsatsar for landbruksvarer.

Det var også nokre MEP som trakk fram at avtalene om EØS-midla er bra. Nicola Danti (S&D, Italia) viste spesielt vekt på det nye fondet for tiltak ungdomsarbeidsløyse. Czeslaw Hoc (ECR, Polen) sa seg også glad for avtalene og la vekt på at importen av fisk er viktig for Polen. Helmut Scholz (GUE/NGL, Tyskland) minna også om at EØS-midla er eit viktig bidrag. Det er upassande å kritisere det norske tollvernet i ein situasjon der EU og Noreg nå er samde om ein ny artikkel 19-avtale. Den viser at det er mogleg å oppnå løysingar. Samstundes minna han om at det er vanskelege tilhøve for landbruk i Noreg. Bronis Rope (Dei grønne, Litauen) rosa også ordninga med EØS-midla og sa han hadde gode erfaringar frå samarbeid knytt til den i tida som ordførar.

Kommentar

Debatten onsdag kveld gjentok kritikken som kom av Noreg og av Kommisjonen da utanrikshandelskomiteen drøfta innstillinga om EØS-midla og fiskeriprotokollane tidlegare i år. Dette gjaldt kritikk mot Kommisjonen for ikkje å ha konsultert Parlamentet og for ikkje å ha oppnådd ei reversering av norsk politikk for landbrukstoll og forvaltning i Svalbard-sonen og kritikk mot Noreg for tollsatsar og Svalbard-forvaltning. Som vanleg var det ikkje minst danske og svenske MEP som var kritiske mot norsk landbrukspolitikk. Det var få som kommenterte den nye artikkel 19-avtalen som vil kome til handsaming i Europaparlamentet seinare. Kritikarane kom frå alle dei fire største partia og i hovudsak frå MEP frå land med klare næringsinteresser knytt til fisk og landbrukseksport. Samstundes var det ikkje overraskande MEP frå land som får pengar gjennom EØS-midla, som var positive til mekansimene.

18. mai 2017

Per S. Nestande
seniorrådgjevar

Stortingets Brussel-kontor

internasjonal avdeling

